

Kva betyr desse rettane frå barnekonvensjonen? Sett ring rundt det svaret de trur er rett:

Artikkel 12 – Rett til å seie meininga si og bli høyrd

- A. Vaksne skal lytte til kva barn meiner i saker som handlar om dei, og ta det med i vurderinga.
- B. Barn har rett til å bestemme over alt som handlar om dei.

Artikkel 31 – Rett til leik, kvile og fritid

- A. Barn skal ha tid til å leike og gjere aktivitetar dei likar, i tillegg til skule og plikter.
- B. Barn har rett til å sove eller leike i staden for å gå på skule eller hjelpe med noko heime.

Artikkel 19 – Rett til vern

- A. Barn har rett til å ha med ein livvakt som passar på dei overalt.
- B. Ingen har lov til å skade, skremme eller mobbe barn, og vaksne skal hjelpe viss det skjer.

Artikkel 18 – Foreldres ansvar

- A. Barn har rett til at foreldre tek vare på dei slik det er best for barnet. Staten kan hjelpe dei som treng det.
- B. Foreldre har ansvaret for å alltid gjere det barn har lyst til slik at barna får det som dei vil.

Artikkel 3 – Barnets beste

- A. Barn skal alltid få det beste dei veit til middag.
- B. Når vaksne bestemmer noko skal dei alltid tenkje på kva som er best for barna.